
Nordsjøkommisjonen vart oppretta i 1989 som ein geografisk underkommisjon av Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR). Organisasjonen har i dag 31 medlemmar som representerer 8 land rundt Nordsjøen. Nordsjøkommisjonen er først og fremst ein politisk organisasjon – ein arena for regionar rundt Nordsjøen til å samordne interesser, samarbeide og utvikle politikk. Arbeidet i NSC vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien blir operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene.

Rapportering frå NSC thematic groups

Gruppe: Transportgruppa

Representantar frå Hordaland:

Jon Askeland
Matti Torgersen

Tid og sted

Groningen, NL. 22-23 februar

Hovudsaker

Gruppa har stort sett ein fast agenda basert på handlingsprogrammet, som m.a. involverer

- Informasjon om Nordsjøkommisjonen og CPMR aktivitetar
- TEN-C og CEF (Kjernenettverk i EU og finansiering av store infrastrukturprosjekt)
- Clean transport
- Clean shipping
- Medlemmer si involvering i prosjekt i EU-program

Aktuelle saker for Hordaland (kva var viktig for Hfk)

Gruppa sine medlem vil få tilsendt eit spørjeskjema for å kartleggje interesser og prioriteringar, med sikte på å kople medlem med felles interessar.

Møre og Romsdal er med bistand frå Hordaland blitt peikt ut til å ha eit særleg ansvar for temaområde Clean shipping. Vest-Norge sitt Brusselkontor skal ha ei særleg ansvar for å følgje med på kva som skjer på EU-agendaen.

Det blei orientert om tre ulike prosessar på transportområdet som det blir arbeidd med i EU for tida:

- Neste langtidsperiode i EU er frå 2021-2027, og det blir for tida arbeidd med innretting av EU-program i denne perioden. Det er forventa at det kjem eit framlegg frå EU-kommisjonen i mai/juni 2018.
- Europa on the move: Dette er ei pakke med tiltak som fokuserer på vegtransport, særleg knytt til den sosiale dimensjonen.
- Clean Mobility Package fokuserer på lågutslepp-mobilitet. Det blir m.a. lagt opp til:
 - Handlingsplan for å fremje infrastruktur for alternativ drivstoff
 - Framlegg om eit direktiv for å fremje rein og energi-effektive køyretøy
 - Direktiv for felles regler for visse typar av transportar mellom medlemstatar.
 - Setje utsleppsstandardar for personbiler

Delar av møtet vart heldt saman med Climate Change Group. Det vart m.a. semje om å avholde eit felles seminar om alternativ drivstoff og energi vinteren 2019.

Etter møtet vart det lagt opp til ei befarings med sykkel rundt i Groningen. Store delar av sentrum er neste bilfri, og det er særleg stor sykkeltrafikk. Befaringa omfatta m.a. ei rundkøyling for syklistar rundt eit vegkryss, sykkelparkering , og eit ljuskryss der alle syklistar uansett retning får grønt ljøs samtidig.

Groningen satsar tungt på energiproduksjon, og det vart befarings til ein fylllestasjon for hydrogenbusser og ein hurtigladestasjon for elektriske bussar.